

RIKSANTIKVAREN  
Postboks 1483 Vika  
0116 OSLO

Søknad om tilskot til profane mellomalderbygg i Vestland - Statsbudsjettet 2021 kap.  
1429 post 73

Søknader og søknadssum inn til Vestland fylkeskommune for post 73, profane mellomalderbygg, i 2021

For 2021 har Vestland fylkeskommune fått inn søknadar om tilskot frå statsbudsjettet 2021 kap. 1429 post 73 til 4 ulike tiltak. Samla søknadsdum er 2,11.mill.

Tilskotsøkonomien for post 73, profane mellomalderbygg, i Vestland fylkeskommune

Tilskotshandsaminga av profane mellomalderbygg vart overført til regionalforvaltinga i 2020. Av løyvingar som Riksantikvaren har gjort fram til no, har ikkje Vestland fylkeskommune fått overført udisponerte midlar eller inntrekte midlar. Vestland fylkeskommune har ingen eigne udisponerte midlar per 31.12.2020. Av tildelte midlar er det overført kr. 7000,- til Vestland fylkeskommune, for vidare oppfølging i 2021.

Søknad om tilskot frå Riksantikvaren

**Vestland fylkeskommunen søker om tilskot på til saman 2,26 mill. frå post 73, profane mellomalderbygg.**

Dette omfattar dei 4 innkomne søknadane, samt eit kurs i bygging av stikkspelrehus som fylkeskommunen ønsker å gjennomføre i samband med av eit av dei omsøkte tiltaka.

Søknadane fordeler seg slik:

Masstove på Indre Nore, ID-nr 87378-1	
Rekonstruksjon av skorstein og supplering av torv	83 000,-

Eldhus på Bakka, ID-nr 272811-0	
Reparasjon av demontert tømmer, oppføring av vernebygg	1 250 000,-

Ådlandstova, ID-nr 87206-1	
Omfattande reparasjonar på tak med konstruksjon, drenering m.m.	626 000,-

Lagmannsstova, ID-nr 87213-9	
Vindaugsreparasjonar	151 122,-

Kurs i bygging av stikkspelrehus	150 000,-
----------------------------------	-----------

Total søknadssum	<u>2 260 000,-</u>
------------------	--------------------

**Om søknaden for eldhuset på Bakka:**

Eldhuset på Bakka i Aurland kommune er eit nyleg datert bygg frå 1270-talet Fylkeskommunen vurderer å byggje eit vernebygg over tømmerkonstruksjonen slik at det blir mindre inngrep i konstruksjonen på bygningen som er i dårlig stand. Vernebygget skal byggjast i ein lokal stavkonstruksjon (stikksperrhus), som gjev auka kunnskap om denne byggjeskikken. Det er mogleg at heile eller delar av tiltaket kan gjennomførast som eit kurs, der også eksterne handverkarar kan delta. Vernebygget skal byggast noko større enn eldhuset slik at det det gamle tømmeret blir tilgjengeleg for forsking og formidling i tunet. Dette er eit omfattande prosjekt som krev fullfinansiering.

Vestland fylkeskommune vurderer det som mogleg for søkerane å gjennomføre alle dei 4 istandsettingsprosjekta i 2021.

**Ønsker til Riksantikvaren for 2021**

Det vil vere ønskeleg at Riksantikvaren legg til rette for eit fagleg forum digitalt, samt regionale samlingar i felt, for eigarar, handverkarar og forvalting.

Vestland fylkeskommune ønskjer å få malar for tilskotsordninga på nynorsk.

Dersom det er spørsmål eller behov for ytterlegare informasjon knytt til Vestland fylkeskommune sin søknad til post 73, profane mellomalderbygg, ver venleg å ta kontakt med seniorrådgjevar Stig Nordrumshaugen, mob. 99567194, e-post [stig.andreas.nordrumshaugen@vlfk.no](mailto:stig.andreas.nordrumshaugen@vlfk.no)

Med helsing

David J Aasen Sandved  
sekjonssjef

Eva Moberg  
fagleiar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*